

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 2/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr:

STØLSFORSKRIFTER - REVISJON

NFS skriv i brev datert 19.12.02 følgende:

1. Utgangspunktet – departementets brev av 4.6.02.

Landbruksdepartementet har i brev av 4.6.02 bedt Statskog SF om å foreta en gjennomgang av **Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningene** med bakgrunn i to enkeltsaker fra henholdsvis Follidal og Gauldal statsallmenninger. I brevet fra Landbruksdepartementet heter det:

I brev av 28.2.01 ba departementet Statskog om å sørge for at det ble stilt en tomt til rådighet i Follidal statsallmenning, i forbindelse med seterbrukerens turistmessige satsing på denne seteren og på eget bruk. Avslutningsvis i brevet ga departementet uttrykk for at saken aktualiserer en gjennomgang og modernisering av seterforskriften.

Målet for en slik gjennomgang vil være å lage et regelverk som bedre legger til rette for en kombinasjon av jordbruksmessig og småskala turistmessig utnyttning av setereiendommene i statsallmenningene. Departementet har kommet til at en i første omgang vil be Statskog vurdere hvilke endringer og tilpasninger en bør gjøre i regelverket, herunder utarbeide en skisse til nye bestemmelser – mht saksbehandlingen, hvilke momenter som skal vurderes i forhold til tillatelser for oppføring av nye bygninger eller ombygging av eksisterende, hvilke vilkår det kan være aktuelt å stille overfor seterbrukeren, og andre forhold det eventuelt kan være grunn til å regulere.

I tillegg til dette ønsker departementet at Statskog også vurderer reglene for ombygging og omdisponering av bygning på seter i de tilfelle hvor det ikke er aktuelt med en utvidet næringsmessig utnyttning. Departementet viser her til Jensås-saken fra Gauldal statsallmenning hvor omdisponering av uthus på seter ble avslått. Spørsmålet er om en i slike tilfelle kan lempe noe på kravene for å endre på bebyggelsen.

2. Andre problemstillinger arbeidsgruppen bes om å se nærmere på.

2.1. Reglene om frifall av setre

På bakgrunn av det registreringsarbeidet som nå er utført i statsallmenningene er det grunn til å tro at et større antall setre er falt i det fri eller vil falle i det fri i nær fremtid. Problemstillingen med frifall av setre er ikke ny og gjeldende seterforskrift har bestemmelser om hvordan en håndterer slike saker. Men i og med at dette kan være vanskelige saker og saksmengden ventes å øke, mener departementet det kan være grunn til se nærmere på om gjeldende regelverk er hensiktsmessig og legger opp til gode løsninger. Arbeidsgruppen bes således vurdere om regelverket bygger på en riktig avveining av de ulike hensyn og interesser som gjør seg gjeldende – herunder andre bruksberettigedes eventuelle behov for seter, seterbrukerens ønske om å beholde seteren, hensynene til naturvern, friluftsliv og bevaring av kulturminner osv. Arbeidsgruppen kan også se på om det er behov for tilpasninger i forhold til en enhetlig behandling av slike saker.

2.2. Seteretten faller bort av andre grunner

I og med at jordbruksdriften opphører for stadig flere bruk, oppstår også spørsmål om behandlingen av allmenningssetre tilhørende disse brukene. Seterforskriften har regler om dette, men departementet ønsker at arbeidsgruppen vurderer disse reglene på tilsvarende måte, og i nødvendig utstrekning ser dem i sammenheng med bestemmelsene om frifall.

3. Avslutning

Det departementet ønsker vurdert av arbeidsgruppen er altså ulike spørsmål i tilknytning til oppføring, bruk, endring og eventuelt fjerning av seterhus i statsallmenningene.

Statskog tar sikte på å legge frem for Landbruksdepartementet en skisse til nye bestemmelser i månedsskiftet mai/juni 2003. Landbruksdepartementet vil deretter gjennomføre en høring. Landbruksdepartementets mål er å ha reviderte forskrifter på plass fra 01.01.04.

Norges Fjellstyresamband mener at det ved en revisjon av forskrift om seter og tilleggsjord også bør vurderes om det er behov for endringer utover de Landbruksdepartementet peker på.

Arbeidsgruppe:

Det er nedsatt en arbeidsgruppe for oppgaven. NFS har oppnevnt Jon Sjurgard (Lom), Reidar Gran (Øystre Slidre) og Jan Borgnes til gruppa. Fra Statskog SF deltar Carl Libach (leder), Svein Larsen og Siw Bleikvassli (sekr.). I tillegg deltar Hallvard Bjørgum fra Statens Landbruksforvaltning

Som grunnlag for arbeidsgruppas arbeid, ber vi om synspunkter fra fjellstyrene på de problemstillinger Landbruksdepartementet beskriver. Vi ber også om at fjellstyrene vurderer om det er behov for andre endringer i forskrift om seter og tilleggsjord. Vi må ha evt. synspunkter hit innen 10. februar.

VEDTAK:

Fjellstyret har følgjande uttale til endring av stølsforskriftene:

Generelt

Ved revisjon av stølsforskriftene er det viktig å ha klart for seg ansvarsområde etter fjellova. Stølane er fjellstyret sitt ansvarsområde frå utvising til dei fell i det fri. Av dette følgjer det at det ikkje kan gjerast tiltak på stølane utan fjellstyret sitt samtykke. Ved revidering av forskrifta er det viktig at reglane er klare på prinsippa med ansvarsfordeling mellom Statskog og fjellstyret.

Småskala turistverksemd på stølar

Vestre Slidre statsallmenning er den allmenning i landet med best bevare stølsbruk. Det er derfor eit særleg ansvar å bevare allmenningen til både stølsnæring og som kulturlandskap. Småskala turisme kan kanskje vera med å styrke drifta på bruket, men kan også vera til ulempe. Ein må derfor vera bevisst med korleis dette blir gjort.

Stølane ligg i LNF-område i kommuneplan. Utleiehytter er ikkje landbruksbygg og slik utbygging vil dei fleste stadar vera i strid med kommuneplan. Dette gjeld all grunn, både statsallmenning og privat grunn. Målet med å leggja til rette for småskala turisme ved endring av stølsforskriftene blir derfor umogleg å gjennomføre innanfor dagens definisjon av landbruksbygg. Det er likevel ikkje noko til hinder innan dagens regelverk å bygge eit sel nr 2 og leige dette ut i periodar det ikkje er i bruk. Fjellstyret meiner derfor at eventuelt ynskje om småskala turisme best kan løysast gjennom eksisterande forskrift. Det må vera feil å laga eit regelverk som ikkje kan setjast ut i praksis. Sidan stølane er fjellstyret sitt ansvarsområde kan ikkje oppretting av fester inne på stølsutmålingane skje utan samtykke frå fjellstyret. Oppretting av feste med eller utan avgift, er etter fjellstyret sitt syn heilt uaktuelt.

Etter § 14 i stølsforskriftene er det Statskog avgjer søknader knytt til stølar som ikkje er i bruk og ikkje har falle i det fri. Sidan stølane er fjellstyret sitt ansvarsområde, må § 14 endrast slike at tiltak ikkje kan gjennomførast utan samtykke frå fjellstyret og må få slik ordlyd: På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog og fjellstyret utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast.

Det har vore ein restriktiv haldning til utviding av bygningsmassen på stølar som ikkje er i bruk, og ein ser ingen grunn til å endre dette. Eventuell småskala turisme bør styrke stølar som er i bruk. Ved å knyte dette opp til stølar i bruk, sikrar ein ei utvikling som også tener stølsbruket.

Ombygging/omdisponering av hus på støl der det ikkje er aktuelt med utvida næringsmessig bruk:

Etter § 22 i stølsforskrifta er det i dag opna for ombygging av eksisterande hus. Ut frå tidlegare argumentasjon, ser ein ingen grunn til å opne meir enn det som er i innanfor stølsforskriftene i dag. Stølsbus som er ført opp med bakgrunn i § 2 i fjellova skal ikkje påleggjast festeavgift før enn det eventuelt er gjort om til vanleg fritidsfest.

Stølar som fell i det fri .

Når ein skal vurdere reglane for når ein støl fell i det fri, må ein ha som bakgrunn kvifor stølar skal falle i det fri. Tidlegare var det stort behov for nye stølar, og frifall sikra at dei som hadde behov fekk utvist støl. I dag er det ikkje særleg behov for nye stølar og det er derfor lite behov for slik regulering. Det er derimot svært viktig å bevare kulturlandskapet som stølane har forma. Å leggja stølsutmålingane i det fri eller tildele dette til andre, vil endre stølslandskapet på ein lite ynskjeleg måte. Så lenge det er viktigare å bevare kulturlandskapet enn sikre utvising av ny støl, bør det viktigaste vera at stølen er gjerda inn og brukt. Det bør ikkje vera avgjerande om det er stølsbrukaren eller andre som brukar jorda, og bortleige bør derfor godkjennast for at stølen kan reknast for å vera i bruk.

Støl som fell i det fri fordi jordbruket fell bort som sjølvstendig bruk blir regulert av § 20. Her ligg det føre 3 alternativ - vise ut som ny støl, opprette fritidsfeste eller fjerning av husa. Dette er alternativ som ikkje alltid kan gjennomførast. Allmenningane er svært varierende, nokon plassar står stølsbruket framleis sterkt og andre stadar er dette nærast avvikla. Der stølsbruket framleis står sterkt bør reglane leggja til rette for at stølen framleis kan sikrast til stølsdrift. Stølen kan t.d. visast ut til andre gardsbruk i drift som i utgangspunktet ikkje fyller krava til utvising, men fyller krava for at stølen er i bruk ut frå eige drift.

Diverse

Arbeidsgruppa har også diskutert om det skal innarbeidast kommentarar i forskrifta. Korkje lover eller forskrifter bør ha kommentarar i lov- eller forskrifteksten. Blir kommentarane teke inn forskrifta, blir dei oppfatta som faste reglar og ikkje vegleiande. Kommentar høyrer derfor ikkje heime i forskrifta. Dette kan gjerne stå i eit rundskriv, men høyrer aller best heime i "Håndbok for fjellstyrer". Denne boka er meint som ein vegleiar til fjellstyrearbeidet og dette høyrer naturleg til her.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: NFS